

**Fra:** Øvrebø, Terje <terje.ovrebo@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** tirsdag 25. april 2023 12:02  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Rekkedal, Christian  
**Emne:** Alver - gbnr. 415/8 - deling etter jordlova- klage - Att.: Tone Furustøl

## **Alver kommune - gnr. 415 bnr. 8 - deling i medhald av jordlova - klage**

Att.: Tone Furustøl

Vi har motteke Alver kommune sitt brev av 24.04.2023, der kommunen sitt klagesaksvedtak av 15.03.2023 vert oversendt «til klagevurdering».

I vedtaket vert klage frå søkjaren/eigaren teken til følgje, slik at det vert gjeve løyve til frådelling av eit av dei to våningshusa på gnr. 415 bnr. 8 i medhald av jordlova § 12.

Vi har då å gjere med eit vedtak der underinstansen har endra sitt opprinnelege vedtak i positiv retning for klagaren, sjå forvaltningslova § 33 andre ledd. Han får det som han vil.

Då skal ikkje saka sendast til klageinstansen. Dette følgjer av § 33 fjerde ledd, der det heiter at «(b)lr det ikke truffet avgjørelse som nevnt i annet ledd, skal sakens dokumenter sendes klageinstansen så snar saken er tilrettelagt» (mi understreking).

I saka her er det «truffet (slik) avgjørelse». Delingsspørsmålet etter jordlova er då endeleg avgjort.

Statsforvaltaren har ikkje sjølvstendig klagerett på kommunen sine jordlovsvedtak. Lova har ingen slik klageheimel, i motsetning til plan- og bygningslova, som i § 1-9 gjev «berørt statlig organ» klagerett på enkeltvedat innanfor sitt myndigheitsområde.

Klagesaka er difor allereie avslutta, og kommunen si oversending vil med dette bli avskriven i vårt saksbehandlingssystem utan ytterlegare korrespondanse.

Vi torer be kommunen orientere søkjaren/klagaren om at saksbehandlinga er avslutta.

Med helsing  
**Terje Øvrebø**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 30 78

E-post: [fmsftov@statsforvalteren.no](mailto:fmsftov@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)